

Referat frå styremøte i Voss idrettsråd onsdag 17.10

Desse møtte: Olav Farestveit, Frode Rokne, Sven Oskar Moseid, Anne Karin Dugstad

Fråfall: Einar Melve, Nils Helge Kvamme, Andreas Heimly, Gry Bystøl

## Saklista til innkallinga

Styrke kontakten med medlemslaga

Uttale Reguleringsplan sentral-idrettanlegget

OL-saka

Tildeling av LA-midlar

Saker med Voss Kommune

Samanslåing av idrettrådet i Granvin

Andre saker

### Kontakt med medlemslaga

Det er ikkje framdrift i denne saka. Den må derfor takast oppatt ved neste høve. Me har framleis ikkje gjort vedtak om me skal ha ei facebookside.

### Uttale til reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget

Olav la fram planane for anlegget og denne vart drøfta. Tema som vart tatt opp var storleik på den planlagte idrettshallen, kva den skulle innehalde, isbane, parkeringsbehov og erstatning av klubbhus. Viser her til uttale frå idrettsrådet som Olav har sendt vidare til kommunen.

### OL-saka

Olav orienterte om dei møta han har vore på. Komiteen har hatt ein delegasjon til Lillehammer, og skal møta eventuelle samarbeidspartnare derifrå i Bergen seinare. Leiaren i Hordaland idrettskrets er no inne i OL-komiteén.

### Tildeling av LA-midlar

Frode orienterte om midlane til idrettsarbeidet i kommunen. Han synte oss oversyn over fordelinga som er gjort etter gjeldane reglar. Styret slutta seg til framlegget som var lagt fram.

### Saker med Voss kommune

Olav har hatt møte med ordføraren i høve «Bømosaka». Det har vore motstand frå Fylkesmannen mot dei forrige planane for Bømoen. Planane for området må innlemmast i ny kommuneplan i det

nye Voss herad, med pårekna vedtak i 2020. I kommuneplanen må ein undersøkje behova for bustader i det nye heradet, ressursutnytting ( døme grus), analyse av støy, friluftsiinteresser m.m. Idrettsrådet veit ikkje meir om kva som skjer fram til ny heradsplan er vedteke.

Vedtak: Idrettsrådet inviterer Berit Galåen til neste møte for å orientera om framdrifta i saka.

#### Samanslåing med Granvin idrettsråd

Anne Karin orienterte om møte vedrørende samanslåing av kommunane. Nils Helge Kvamme og Ann Kristin Aas var til stades. Granvin har berre eit idrettslag og dei har derfor ikkje eit sjølvstendig idrettsråd. Olav Seim, leiar i Granvin idrettslag, er kontaktpersonen til kommunen.

Vedtak: Olav Seim vert invitert til neste idrettsrådmøte.

#### Andre saker:

##### 1) Støtte til trenarutdanning

Idrettsrådet har fått søknad frå Voss golfklubb om økonomisk støtte til trenarutdanning.

Vedtak: Olav svarer Voss golfklubb at idrettsrådet sender ut brev til alle idrettslaga på Voss og ber om søknader til trenarutdanning. Søknadsfristen er 1. desember. Då vil idrettsrådet handsama alle søknadane samla. Nye idrettslag skal prioriterast.

##### 2) Friluftsråd

Voss idrettslag v/ Tore Tvilde ber idrettsrådet arbeida for at kommunen opprettar eit friluftsråd.

Vedtak: Olav tek kontakt med Nils Helge Kvamme og ber han arbeida vidare med saka, gjerne med kontaktpersonar i Voss utferdslag.

##### 3) Temakveld

Anne Karin arbeider vidare med å få interessante personar til å koma til Voss  
Ho har hatt kontakt med Gjert Ingebrigtsen. Først er det ikkje sikkert om dette går i orden, men andre personar er og aktuelle

For Voss idrettsråd

Anne Karin Dugstad

vikar for skrivar

